



Statsforvalteren i Møre og Romsdal

Dato: 23. mars 2022

*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, fylkets tre turistforeningar, fylkets 4 speidargrupper og 4 H Møre og Romsdal tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonene mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

## **FRILUFTSLOVA – KLAGE PÅ BETALING FOR TURPARKERING PÅ FURSETFJELLET I GJEMNES KOMMUNE**

FNF Møre og Romsdal bryr seg mellom anna om å limenta sine rettar samt gratisprinsippet i vår unike friluftslivlov. Vi viser her til tidlegare korrespondanse om turparkeringsavgift på Fursetfjellet i Gjemnes kommune og seinast ved vårt skriv av 16.12.2021 (sjå vedlegg).

I brev av 16.12.2021 til Gjemnes kommune stilte vi spørsmål om turparkeringsavgifta som er innført på Fursetfjellet i Gjemnes kommune er lovleg jfr friluftslivlovens § 13 og § 14. I brev av 20.12.2021 frå Gjemnes kommune fekk vi tilbakemelding på denne vår førespurnad (sjå vedlegg).

FNF Møre og Romsdal tolkar brevet frå Gjemnes kommune av 20.12.2021 slik at dei har vedteke ei turparkeringsavgift på Fursetfjellet heimla i § 14 i friluftslivlova. Då les vi i rundskriv T-3/07 om friluftslivloven om friluftslivloven § 14 (under pkt 7.4. og pkt. 9.3) at dette er eit enkeltvedtak i høve til forvaltningslova og at klagemyndigheit er Statsforvalteren. **På dette grunnlaget klager vi Gjemnes kommune sitt vedtak om innføring av turparkeringsavgift på Fursetfjellet inn til Statsforvalteren.** Vi legg til grunn vår klage at turparkeringsavgifta på Fursetfjellet primært må vere gratis jfr intensjonen i friluftslivlova samt vilkåra satt for statleg sikring av friluftsområdet, subsidiært må avgifta stå i forhold til dei tiltak som er gjort til fordel for friluftslivfolket.

Helsing

Ingbjørn Bredeli

Koordinator Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal



FORUM FOR  
NATUR OG FRILUFTSLIV

---

MØRE OG ROMSDAL

Vedlegg: Brev frå FNF Møre og Romsdal av 16.12.2021 til Gjemnes kommune om turparkering på Fursetfjellet i Gjemnes kommune  
Brev frå Gjemnes kommune til FNF Møre og Romsdal av 20.12.2021 om Fursetfjellet turparkering

Kopi: Gjemnes kommune  
Møre og Romsdal fylkeskommune